



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Arkivet

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2014/404	4489/2015	004	SVK/ US	04.05.2015

MELDING OM POLITISK VEDTAK - ÅRSMØTE 2015, FRIVILLIGSENTRALEN I VOLDA

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 30.04.15, hadde føre ovannemnde som sak PS 41/15, der det vart gjort slikt vedtak:

Styret i Frivilligsentralen (Driftstyret) rår årsmøtet (Kommunestyret) til å gjere følgjande vedtak:

- 1. Årsmøtet godkjenner årsmelding og rekneskap 2014 slik det ligg føre. Årsmøtet godkjenner framlagt arbeidsplan for 2015/2016.***

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Astrid Gjersdal	Arkivsak nr.:	2014/404
		Arkivkode:	004

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
13/15	Driftsstyret	15.04.2015
42/15	Kommunestyret	30.04.2015

ÅRSMØTE 2015, FRIVILLIGSENTRALEN I VOLDA

Handsaming:

Astrid Gjersdal reiste spørsmål om ho var ugild, då ho er tilsett som dagleg leiar for frivilligsentralen og har vore sakshandsamar for saka. Kl. §40 pkt. 3, bokstav b. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om ugildskap.

Røysting vedk. ugildskap:

Astrid Gjersdal vart samrøystes kjend ugild.
Det var 26 røysteføre til stades under handsaming av saka.

Vedtak i Kommunestyret - 30.04.2015

Styret i Frivilligsentralen (Driftstyret) rår årsmøtet (Kommunestyret) til å gjere følgjande vedtak:

- 1. Årsmøtet godkjenner årsmelding og rekneskap 2014 slik det ligg føre.
Årsmøtet godkjenner framlagt arbeidsplan for 2015/2016.***

Handsaming:

Jan Henning Egset møtte no. Astrid Gjersdal gjekk frå møtet.

Framlegg frå Ann Britt Våge Fannemel:

Styret i Frivilligsentralen (Driftstyret) rår årsmøtet (Kommunestyret) til å gjere følgjande vedtak:

- 1. Årsmøtet godkjenner årsmelding og rekneskap 2014, slik det ligg føre.***
- 2. Årsmøtet godkjenner framlagt arbeidsplan for 2015/2016.***

Røysting:

Fannemel sitt framlegg vart samrøystes vedteke, administrasjonen si tilråding fall.

Vedtak i Driftsstyret - 15.04.2015

Styret i Frivilligsentralen (Driftsstyret) rår årsmøtet (Kommunestyret) til å gjere følgjande vedtak:

- 1. Årsmøtet godkjenner årsmelding og rekneskap 2014 slik det ligg føre.*
- 2. Årsmøtet godkjenner framlagt arbeidsplan for 2015/2016.*

Administrasjonen si tilråding:

1. Årsmelding for 2014 og arbeidsplan for 2015/16 for frivilligsentralen i Volda vert godkjend
2. Rekneskap for 2014 for frivilligsentralen i Volda vert teken til vitende

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kud/samfunn_og_frivillighet/frivilligsentraler/2010_retningslinjer_for_frivilligsentralar_nynorsk.pdf

Samandrag av saka:

Saksopplysningar:

I vilkåra for å motta statstilskot til drift av frivilligsentralar ligg mellom anna kravet om at sentralen skal ha eit styre, og det skal gjennomførast årsmøte. Dette kravet har si årsak i at frivilligsentralane i landet har ulike eigarformer. Då Volda kommune overtok drifta av frivilligsentralen i Volda i 2012, samstundes med at den tidlegare stiftinga vart oppheva, vedtok kommunestyret å la sentralen inngå i den øvrige kommunale organisasjonen. I 2014 vart frivilligsentralen ein del av sektor kultur og service. Driftsstyret er sentralen sitt formelle styre, og kommunestyret årsmøte.

Det vert her lagt fram arbeidsplan for 2015 og 2016. På denne måten vil ein ha politisk godkjenning av den arbeidsplanen det vert søkt driftstilskot til i år. Fristen for å søke statleg driftstilskot for 2016 og sende rapport for 2014 sett til 31. juni.

ÅRSMELDING, FRIVILLIGSENTRALEN I VOLDA 2014

Frivilligsentralane er aktive støttespelarar for å skape gode levande lokalmiljø og koordinere lokalt



engasjement, nærmiljøutvikling og kulturelt mangfald.

Frivilligsentralen i Volda er ein av dei 383 statleg støtta

frivilligsentralane i landet, som skal medverke til å samordne den

frivillige innsatsen som privatpersonar og frivillige organisasjonar i

kommunen utfører, og dermed styrke og fremje det frivillige arbeidet.

Frivilligsentralen vart i 2014 ein del av sektor kultur og sørvis, med sektorsjef Inger-Johanne Johnsen som næraste overordna. Det har vore eit år prega av endringar, så vel i administrasjonen som i dei fysiske omgivnadane, med betydelege endringar i organisasjonsstrukturen og oppattbygginga av rådhuset.

Årsmøtet 2014

Driftsstyret har vore styre for frivilligsentralen, og kommunestyret årsmøte. Årsmøte for sentralen var 12. mars, der kommunestyret tok årsmeldinga til vitende og vedtok arbeidsplanen for 2014.

Rekneskap og budsjett følgjer kommunen elles. Astrid Gjersdal har i meldingsåret hatt 100% stilling som dagleg leiar.

I eit arbeidsfelt som kviler på frivillig innsats vil ein arbeidsplan vanskeleg vere anna enn ein intensjonsplan, då ein ikkje kan stille krav eller setje sanksjonar overfor frivillige, slik ein gjer til tilsette. Eit anna karaktertrekk med det frivillige feltet er at det stadig er i endring, det vert dermed ofte ikkje slik som ein trur på førehand. Nye menneske og konstallasjonar gir nye utfordringar, og ein må følgjeleg skifte fokus. Arbeidsplanen frå 2014 hadde dermed nokre punkt som ikkje vart gjennomførte, årsmeldinga omtalar sameleis tiltak som ikkje sto i arbeidsplanen.

Frivilligsentralane har som ei av sine primære oppgaver å bidra til **møteplassar**. Kort oppsummert i eigen regi:

- Månadlege mat og pratarrangement frå januar til mai på skulekjøkkenet, med varierende frammøte. Dette året har vi hatt ein fast plan å gå etter, der vi fordelte ansvar for menyen (etter land) og for organiseringa elles.
- Seniornett på Volda læringscenter første halvår, til primus motor Roald Espset sa det frå seg. Det har ikkje lukkast å finne nye frivillige til dette.

Fram til sommaren var det StudiebygdA som vart hovudsamarbeidspartnaren i det å skape møteplassar. Dette vart ein naturleg følge av å delta i arbeidsgruppa for sosial integrasjon. Vi gjennomførte:

- Her og no-prosjektet, ”Snipholmen”. Stort opningsarrangement i mai.
- Frukostmøte om det fleirkulturelle arbeidsliv, fullt auditorium på i Berte Kanutte i mars
- Møte på Rokken om Idrettshall i mai, stort engasjement
- Julefesten 1. juledag, som var i kantina på Berte. Ca 150 gjestar (etter prosjektslutt, men med partnerskapen som arrangør).

Frivilligsentralane skal, i samsvar med dei gjeldande retningslinene ha ein **koordinerings- og samordningsfunksjon**. I 2014 i følgjande tiltak:

- Den årlege tv-aksjonen, dette året til Kirkens nødhjelp og vassprosjekt med rekordresultat.
- Den kulturelle spasèstokken. Frivilligsentralen har, i lag med ein komitè på 3 personar hatt ansvar for å søke og rapportere, og å organisere tilbodet ut til institusjonane. Ca 30 ulike program vart tilbode dette året, av eit tilskot på kr 132 000.
- Frivilligsentralen har fått sekretærfunksjonen for det nye styret for Voldahallen, som fordeler treningstider i hallen.
- Eit anna nytt felt som er tillagt frivilligsentralen er oppstart/oppfølging av 17-mainemnda i sentrum.
- Kulturminnedagane. Biblioteket og frivilligsentralen tok initiativ til å markere kulturminnedagane i september, som hadde temaet ”Den store reisa, 200 års samfunnsutvikling”. Det vart gjennomført vel 10 arrangement i ulike delar av kommunen. Opningsarrangementet, som var i vår regi, var på samfunnshuset, kalla ”Volda i tidsreise”. Det var her utstillingar, forteljingar og sentrumsvandring.
- Ved opninga av Hjartåberg tunnelen bisto frivilligsentralen komiteen.
- Dagleg leiar er kontaktperson for Idrettsrådet, og møter på styremøta.

Mangfald og inkludering, er eit felt frivilligsentralane særskilt skal rapportere på. Vi meiner at dette står som ein paraply over det meste av det vi engasjerer oss i, men trekkjer her fram i 2014:

- Før Volda kommunestyre vedtok å avslutte fredskorpssamarbeidet, fungerte frivilligsentralen som ein base for dei to kenyandarane; Barbara og John som var i Volda gjennom utvekslingsavtale. Dei to vart mellom anna sterkt delaktige i sentrumsprosjektet.
- Frivilligsentralen inviterte også dette året innvandrarar til å delta i dugnaden for dei Nynorske festpela, både for å lære om og å vere ein del av. Hovudsakleg vart dette pakking og utdeling av Ivar-pakkar, hjelp til rigging og kafearbeid.

- I samarbeid med Ørsta frivilligsentral markerte vi frivilligdagane første veka i desember. I tillegg til å besøke læringsentra og halde ein skuletime om frivilligheit, hadde vi opne dagar på sentralane våre, vi arrangerte kurset ”Synleg og tydleg” for lag og organisasjonar (ca 10 deltok) og vi skipa til frivilligfest på Volda samfunnshus laurdag ettermiddag med internasjonal meny.
- Deltok i markeringa av den internasjonale kvinnedagen i Ivar Aasentunet, v. fredskorpsdeltakar John Muji.

Andre tiltak:

- Det har vore stor etterspørsel frå innvandrarar om hjelp til øvingskøyring. Vi har greidd å tilby dette til 4 personar i 2014. Det knyter seg ansvar til ei slik frivillig teneste, og det ansvaret kviler på den frivillige, som òg må gå god for bilen som vert nytta. Ofte er dette eldre bilar kjøpt for ein billig penge av den som skal ta førarkort.
- Ein person har i særleg grad bistått med frivillig innsats på Volda omsorgssenter for å få arbeidserfaring.

Dagleg leiar har elles delteke i:

- Fagdag i regi av fagforbundet avd 751, frivilligsentralene i januar, Gardermoen
- 4 nettverkssamlingar
- 4 basissamlingar
- Regionskonferanse i Stavanger i september
- Regionmøte TV-aksjonen i september
- Fylkeskulturkonferansen, Ålesund i november,
- KS-samling i Oslo i desember
- 5 møte i Søre Sunnmøre kulturleiarforum

Faste samarbeidsforum:

- Styringsgruppa for StudiebygdA
- Kulturleiarforum
- Nettverk søre Sunnmøre
- Basis, region 3

Dagleg leiar har vore nettverksleiar fram til 1.1.2015, då ho avslutta denne funksjonen.

Rekneskap 2014, utskrift frå Agresso

			rekneskap 2014		Budsjett 2014	
1	10100	Fast løn	452 433,90	100,16	451 715,00	
Σ_3	01	Fast løn	452 433,90	100,16	451 715,00	
3	10900	Pensjon KLP fellesordninga (frå 201...	51 372,60	98,89	51 947,00	
4	10908	Arbeidstakarforsikring (tr.pl.)	860,00	44,10	1 950,00	
5	10990	Arbeidsgevaravgift	71 777,33	100,68	71 291,00	
Σ_3	09	Sosiale utgifter	124 009,93	99,06	125 188,00	
7	11000	Kontormateriell	1 916,78	0,00	0,00	
8	11150	Matvarer	1 042,49	0,00	0,00	
9	11200	Anna forbruksmateriell, råvarer og ...	10 693,84	31,45	34 000,00	
10	11205	Hotellopphald o.l. utanom kurs	921,30	0,00	0,00	
11	11301	Telefon	1 602,10	0,00	0,00	
12	11302	Kommunale mobiltelefonar	6 549,94	0,00	0,00	
13	11400	Annonser, reklame, informasjon	13 258,60	132,59	10 000,00	
14	11500	Opplæring, kurs (ikkje oppg.pl.)	660,00	0,00	0,00	
15	11600	Reise- og diettgodtgjersler (oppg.p...	1 778,65	0,00	0,00	
16	11709	Reiseutgifter etter rekning	23 647,99	236,48	10 000,00	
17	11851	Arbeidstakarforsikring (tr.fritt)	350,00	33,33	1 050,00	
18	11950	Avgifter på eigedom	200,76	0,00	0,00	
19	11951	Lisensar, dataprogram og oppgraderi...	5 152,00	0,00	0,00	
20	12700	Konsulenttenester	3 900,00	0,00	0,00	
Σ_3	10	Kjøp varer/tenester, eigenproduksjo...	71 674,45	130,20	55 050,00	
22	16200	Avgiftsfri salsinntekter	-1 010,00	0,00	0,00	
Σ_3	60	Salsinntekter	-1 010,00	0,00	0,00	
24	17000	Refusjonar frå staten	-330 000,00	0,00	0,00	
25	17700	Refusjon frå andre (private)	-16 330,00	0,00	0,00	
Σ_3	71	Andre refusjonar	-346 330,00	0,00	0,00	
27	18105	Statstilskot	0,00	0,00	-310 000,00	
28	18300	Overføring frå fylkeskommunar	0,00	0,00	-10 000,00	
Σ_3	80	Overføringsinntekter	0,00	0,00	-320 000,00	
30	19505	Bruk av bundne driftsfond	-5 988,36	0,00	0,00	
Σ_3	90	Finansinntekter	-5 988,36	0,00	0,00	
Σ_2	6090	Frivillegsentral	294 789,92	94,50	311 953,00	
Σ_1	60	Kultur- og næringsavdelinga	294 789,92	94,50	311 953,00	
Σ			294 789,92	94,50	311 953,00	

Arbeidsplan 2015 / 2016

I tilsagnsbrevet for 2015 frå kulturdepartementet vert det lagt lite spesifikke føringar for korleis tilskotet skal nyttast, utover dei generelle retningslinene som framleis gjeld.

Som ein del av sektor kultur- og service er det eit mål for frivilligsentralen å medverke positivt til at kompetanse, ressursar og nettverk kan sameinast for å få best mogeleg utteljing for publikum.

Møteplassar:

Frivilligsentralen i Volda disponerer ikkje egne lokale. Det er dermed ein føresetnad for å byggje møteplassar at vi får disponere eit mangfald av kommunale lokale med minst mogelege restriksjonar.

I arbeidet for å skape nye og utvikle eksisterande møteplassar, set vi følgjande mål:

- Gjennomføre månadlege Mat og pratarrangement på samfunnshuset.
 - Delmål: medverke til å gjere kjøkkenet på samfunnshuset meir brukarvennleg.
- Gjennomføre temakveldar i samarbeid med ungdomsklubben og andre aktuelle aktørar i ungdomsklubben sine lokale
- Som del av partnerskapen til StudiebygdA medverke til å styrke samhandling mellom studentar og fastbuande. Konkrete planar er:
 - Medverke til samfunnsdagar
 - Julefesten 1. juledag
 - Delta aktivt i styringsgruppa, og i oppfølging av tiltak

Koordinerande og adm. funksjonar:

- Koordinere Tv-aksjonen
- Arrangere årleg frivilligforum
- Koordinere den kulturelle spasèrstokken
- Bistå 17. mai-nemnda i sentrum
- Ha sekretærfunksjon for styret for Voldahallen
- Initiere samarbeid om markering av kulturminnedagane
- Stø opp om og medverke til regionale tiltak i samarbeid med frivilligsentralane på søre Sunnmøre, som markering av frivilligdagen
- Ta initiativ overfor FAU om natteravnar i aktuelle periodar
- Arrangere minimum eit kurs for frivillige lag
- Arbeide for å halde i gang eit seniornetttilbod
- Medverke til å utvikle Team five som eit verkemiddel for det fleirkulturelle arbeidet

- Samarbeide med Dei nynorske festspela som tidlegare år

Generelt

- Halde ei open dør for publikum og vere tilgjengeleg for lag eller einskildpersonar

Vurdering og konklusjon:

Som ein del av sektor kultur og service er frivilligsentralen, i lag med den øvrig staben i kulturavdelinga ein minimumsgarantist for at Volda kommune oppfyller krava som kulturlova set for m.a å legge til rette for kulturaktivitet for alle delar av befolkninga.

Helse og miljøkonsekvensar:

Å stø opp om frivillig organisasjonsliv og medverke til at befolkninga har vert gitt høve til å engasjere seg vil kunne gi ein betydeleg helsevinst, noko som vert stadfest av seinare års forskning t.d HUNT-undersøkinga. Denne påviser at menneske som er aktive i kulturlivet har best helse.

Økonomiske konsekvensar:

Frivilligsentralen mottek eit årleg driftstilskot, i 2015 på kr 310 000. I tillegg medverkar frivilligsentralen til å hente inn midlar frå andre kjelder både til egne og andre sine aktivitetar.